



Næringssjefen, Grethe Solheim, bed bygdene senda søknader om profileringsmidlar.

**Næringssjefen i Kvinnherad, Grethe Solheim, oppmodar bygdelag og utviklingsselskap om å senda søknad på marknadsføringsmidlar. Av eit budsjett på kr. 500.000,- er det alt løyvd kr. 250.000,-. Uskedalen burde vera klar for søknad med bakgrunn i mange gode profileringsiltak som går på kultur- og naturbaserte prosjekt.**

I Formannskapsmøte onsdag i førre veke vart det kløyvd kr. 150.000,- til Visit Kvinnherad - Folgefonnsenteret og kr. 100.000,- til det nyskipa Visit Rosendal. Midlane skal i store trekk nyttast til utvikling av nettsider med relevant informasjon for turistar og andre tilreisande.

No bed næringssjefen andre bygder senda søknad. Fristen er 4. juni. Tiltak og evt. nye prosjekt skal ikkje vera i konkurranse med det som alt er etablert. Det er likevel ein styrke for kommunen med eit variert utval av prosjekt. Målet er å få folk til å velja Kvinnherad som reisemål i sommar.



Ulvanoso er eit fjellklatrings- og skieldorado som samlar tilreisande frå heile landet.

Uskedalen er alt ei attraktiv og profilert bygd med mange gode tiltak. Det er nok å nemna:

- Camping med hytter og bubilplass
- To båthamner
- Eit fjellklatringseldorado i Ulvanoso og i Eikedalen
- Aktivitetshus med klatrevegg og grøntgrasbane med aktivitetspark
- Dønhaug Gjestegard og Solheim Turiststasjon
- Skorpo - mellom anna kjend frå TV program og reportasjar i landsdekkande vekeblad
- Uskedalselva - ei av dei beste aure- og lakseelvane på Vestlandet
- Uskedalen.no med relevant informasjon og med linkar til natur- og kulturbaserte næringar
- Festidalen, rett nok med pause i år, men som kjem sterkt tilbake i 2021

Det er nok å ta av. Ein samla søknad vil truleg stå sterkt. Det handlar om profilering, det å nå ut til alle nordmenn som vil feriera i eige land.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kvinnheringen / Kristian Bringedal / Astrid Magnussen Børve



Englafjell, Eikedalen og Manen er sentrale turmål med merka stiar.